

# Uttale frå Råd for funksjonshemma i Fitjar til budsjettforslag 2023 og økonomiplan 2023 – 2026

Rådet er uroa over fleire punkt i budsjett/økonomiplan ang.

1. Heimebaserte tenester,
2. Dagtilbod demente
3. Samlokalisert dagsenter

Råd for funksjonshemma er eit råd for menneske med nedsett funksjonsevne i alle aldrar. Innsparingane og organiseringane som vert gjort under dei ulike punkta under vil og ramma menneske med nedsett funksjonsevne.

## **1. Heimebaserte tenester**

Heimebaserte tenester yter bistand til ulike grupper. Råd for funksjonshemma representerer ulike brukargrupper der mange av brukarane vil ha behov for heimebaserte tenester både jamleg men og i akutte situasjonar. I akutte situasjonar er det svært viktig at hjelpe kjem fort. Nedtrekk av 5,5 stillingar frå 1.4. 2023 er svært urovekkande. Dette vil kunna føra til stort arbeidspress på dei tilsette, noko som erfaringsmessig fører til auka sjukefråvær. Fitjar kommune er heilt avhengig av å ha gode, tilgjengelege heimebaserte tenester med lågt sjukefråvær.

## **3. Dagtilbod demente**

Det er krevjande både for demente og pårørande om dagtilboden vert redusert frå 5 dagar i veka til 2 dagar i veka. Har ein vore i dialog med representantar frå dei dette gjeld i denne saka? For heimebuande demente med trøng for dagtilbod synes me det er lite å berre gi dei tilbod 2 dagar i veka.

## **Samlokalisering av dagsenter for demente, utviklingshemma og dei som tilhører «Laget»**

*Denne samlokaliseringa er me heilt imot og viser til uttalen under som me sendte inn i november 2022 ang. forslag til helse og omsorgsplan 2022-2032 for Fitjar:*

Rådet synes ei slik samlokalisering for desse 3 gruppene er ein svært dårlig løysing.

Rådet etterlyser argumentasjonen for å ha dette samlokaliserte tilboden for gruppene utviklingshemma, personane frå «Laget» og demente. Grunngjevinga me finn i planen omtalar berre «Leve heile livet» med fokus på eldre. Ei vurdering på kva uhedige konsekvensar det vil ha for dei ulike gruppene er ikkje vurdert. Både blant utviklingshemma og demente er det personar som treng skjerming. Gruppene har heilt ulike behov.

Å tenkja at ein skal ha eit samlokalisert arbeids og aktivitetssenter for ungdom og unge vaksne med utviklingshemming, arbeidssøkjande unge med utfordringar i høve til å koma inn i arbeidslivet og demente i 80-90 års alderen er ganske oppsiktsvekkjande.

Dei aller fleste demente er over 80 år.

Dei fleste utviklingshemma på dagtilboden er i aldersgruppa 20 – 30 år og det vil i åra som kjem vera

fleire unge som er aktuelle for dagtilbodet for denne gruppa.

Laget er og for det meste unge personar som har falle ut av eller ikkje kome seg inn i det ordinære arbeidslivet av ulike årsaker og hovudfokuset her er å forsøkja å hjelpe dei inn i arbeid.

Under punkt 6. 12 er det omtalt at ei evt frigjering av rom på sjukeheimbygninga kan gje fleire rom til dagtilbod for demente.

Når det gjeld «Laget» ,som er ei ung gruppe, bør ein diskutera i lag med dei noverande brukarane kva dei ønskjer. Kanskje er det moglegheiter knytt til kulturhuset eller samarbeid med Fitjar vidaregåande skule.

Dagtilboden for utviklingshemma i Bakken treng betre plass men plasseringa er veldig bra.

Kommunen eig nabotomta noko som gjer det mogleg med nybygg, det er kort veg til idrettsplass og fine turområde og ein har hallar som ein nyttar til vedarbeid mm.

Når det gjeld kva som er viktig med tanke på dagtilbod for utviklingshemma viser me til møteprotokoll frå Råd for funksjonshemma frå 24. oktober 2022 – sak 27/22 Besøk Tysvær dagsenter som omtalar viktige behov gruppa utviklingshemma har.

#### ***4. Aktivisering eldre og funksjonshemma***

Rådet synes det er ønskeleg å dela dette budsjettet slik at det er lesbart kva som gjeld aktivisering eldre og kva som gjeld aktivisering funksjonshemma.